



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/38051
Saksbehandlar: Kristine Dahl
Dato: 16.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/091	Stad formannskap	03.09.2026
26/093	Stad kommunestyre	10.09.2026

Vidare arbeid med budsjett 2027 og handlingsprogram 2027 - 2030

Bakgrunn for saka:

Stad kommunestyre vedtok i møte 12. mars 2026, sak 26/013, å starte arbeidet med Budsjett 2027 og handlingsprogram 2027 – 2030. Dette i tråd med kommunen sitt økonomireglement, som legg til grunn at økonomiplanlegginga skal skje gjennom heile året.

For den politiske møterunden i september skal kommunestyret etter planen ha følgjande budsjettsaker:

- Sak til kommunestyret knytt til vidare handlingsprogram 2027 – 2030
- Sak til kommunestyret knytt til investeringar 2027 – 2030

Denne saka her gjer nærare greie for det vidare arbeidet med handlingsprogram 2027 – 2030. Plan- og bygningslova er styrande for kommunane si planlegging, og plan- og bygningslova § 11-1 slår fast at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsplan og ein arealdel. Stad kommune sitt handlingsprogram utgjer samfunnsdelen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova og kommunen sin økonomiplan etter kommunelova.

Stad kommunestyre får i denne politiske møterunden lagt fram ei eiga sak om investeringar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre tek saka til vitande.

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Fellesframlegg frå formannskapet:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om, utover arbeidet med effektivisering og dimensjonering av sentraladministrasjonen, å gjennomføre ei evaluering av kommunen si overordna organisasjonsstruktur. Føremålet er å sikre at Stad kommune er best mogleg rigga til å møte

framtidige utfordringar og realisere måla i den nye samfunnsdelen.

Gjennomgangen skal særleg vurdere korleis organisasjonen kan leggje til rette for betre samordning mellom sektorar og einingar, mellom anna mellom helse og oppvekst, slik at kommunen sine samla ressursar og verkemiddel vert nytta best mogleg til beste for innbyggjarane. Arbeidet skal også sjåast i lys av målet om at Stad kommune skal vere ein næringsvenleg kommune.

Kommunedirektøren kan knyte til seg ekstern kompetanse i arbeidet. Det vert løyvd kr 300 000 frå disposisjonsfondet til formålet

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med ein plan for gjennomføring av evalueringa, inkludert ein framdriftsplan, til handsaming snarast råd.

Det vart røysta over fellesframlegg frå formannskapet som vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/091 Vedtak:

Stad kommunestyre tek saka til vitande, med følgjande tillegg:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om, utover arbeidet med effektivisering og dimensjonering av sentraladministrasjonen, å gjennomføre ei evaluering av kommunen si overordna organisasjonsstruktur. Føremålet er å sikre at Stad kommune er best mogleg rigga til å møte framtidige utfordringar og realisere måla i den nye samfunnsdelen.

Gjennomgangen skal særleg vurdere korleis organisasjonen kan leggje til rette for betre samordning mellom sektorar og einingar, mellom anna mellom helse og oppvekst, slik at kommunen sine samla ressursar og verkemiddel vert nytta best mogleg til beste for innbyggjarane. Arbeidet skal også sjåast i lys av målet om at Stad kommune skal vere ein næringsvenleg kommune.

Kommunedirektøren kan knyte til seg ekstern kompetanse i arbeidet. Det vert løyvd kr 300 000 frå disposisjonsfondet til formålet

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med ein plan for gjennomføring av evalueringa, inkludert ein framdriftsplan, til handsaming snarast råd.

Saksopplysningar:

Rammene for kommunalområda

Stad kommune sitt handlingsprogram er ein viktig del av planleggingsprosessen for kommunen då handlingsprogrammet gjev grunnlag for prioritering av ressursar og tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

I tråd med kommune sitt økonomireglement vedtok Stad kommunestyre i møte 16. juni 2026, sak KS

26/068, driftsrammene for kommunalområda i komande økonomiplanperiode.

Dei økonomiske rammene for 2027 – 2030 er vidareført frå sist vedteken økonomiplan. Rammene i kommunalområda er lagt inn og vidareført med dei innsparingane som blei vedtekne og innsparinga fordelte seg då slik:

Vedteke i KS 25/137 september 2025	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Endring	Endring	Endring
Alle tal i tusen (1000) kr	2026	2027	2028	2029	2026-2027	2027-2028	2028-2029
Reduksjon i ramma for kommunalområda:							
Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	-4 000	-7 000	-8 000	-8 000	-3 000	-1 000	0
Oppvekst og opplæring	-12 000	-20 000	-26 000	-32 000	-8 000	-6 000	-6 000
Helse og omsorg	-12 500	-17 000	-22 000	-27 000	-4 500	-5 000	-5 000
Kultur og samfunn	-5 000	-7 000	-10 000	-12 000	-2 000	-3 000	-2 000
Tilskot Stad kyrkjelege fellesråd	-500	-1 000	-1 000	-1 000	-500	0	0
Sum reduksjon i rammeområda	-34 000	-52 000	-67 000	-80 000	-18 000	-15 000	-13 000

I Stad kommunestyre sitt vedtak av budsjett 2026 og handlingsprogram 2026 – 2029 vart det lagt på ytterlegare 1 mil. i innsparing for alle kommunalområda i 2026. Denne endringa går ikkje fram av tabellen, men endrar heller ikkje dei vedtekne innsparingskrava for åra 2027 til 2029.

Tiltaksplanen styrande for arbeidet med handlingsprogrammet

Stad kommune vart i mars i år meldt ut av Robek-registrert. I samband med innmeldinga så oppstod det ei plikt for kommunen til å utarbeide ein tiltaksplan som skulle synleggjere korleis kommunestyret skal arbeide for å få økonomiplanen i balanse gjennom økonomiplanperioden. Stad kommunestyre sin tiltaksplan danna seinare, saman med budsjett 2026 og handlingsprogram 2026 – 2029 og rekneskapen for 2025, grunnlaget Stad kommune si utmelding av Robek-registeret.

Statsforvaltaren har meldt kommunen ut av Robek under gitte føresetnadar som kommunen må følgje opp. I Statsforvaltaren sitt brev av 3. mars 2026 står det mellom anna følgjande om dette:

Den økonomiske handleevna til Stad kommune blir framleis vurdert som svak. Etter at førebelse tal frå SSB blir framlagt 15. mars vil Statsforvaltaren gjere ei ny vurdering av dei økonomiske indikatorane og føreta ei ny ros-vurdering.

Det blir avgjerande dei neste åra at kommunen føl opp den vedtekne tiltaksplanen som ligg i budsjett og økonomiplanen. Dette både for å få balanse og kontroll på økonomien, men og for å kunne gjennomføre nye og utsette investeringsprosjekt. Sidan lånegjelda er høg, og kommunen har ei høg renteeksponering, er ein svært utsett for renteendringar, noko som i stor grad har belasta drifta negativt dei siste åra.

Kommunen har lagt ned ein stor jobb i 2025, både administrativt og politisk, og fått på plass grunnlagsdokument og sett i verk tiltak i drifta som allereie har gitt resultat. Dersom kommunen har det same fokuset vidare, vil ein ha ei drift ved utgangen av perioden som harmonerer med inntektene og er i balanse.

Forpliktinga til å følgje opp tiltaksplanen vart løfta opp og presisert for kommunestyret i sak KS 26/013 frå 12. mars 2026, og innhaldet i tiltaksplanen vart då gjennomgått på ny. Det vart vidare laga ein framdriftsplan for kommunestyret sitt komande budsjettarbeid, der arbeidet med tiltaksplanen er førande.

Perspektiv på økonomi og kommuneøkonomien 2025 – 2026


For å forstå handlingsrommet for vidare omstilling og endring i Stad, er det viktig å kjenne den lokale historikken og å forstå dei viktigaste drivarane for norsk økonomi generelt og kommuneøkonomi spesielt.

Stad kommune har sidan 2020 arbeidd kontinuerleg med å setje føringar for og handtere ei ny stor geografisk eining innanfor tronge økonomiske rammer. Forventningane som låg til både etablering og vidare drift av Stad kommune har vore høge. Sjølv om det budsjetterte økonomiske handlingsrommet i alle år har vore stramt, så hadde kommunen dei første åra svært gode driftsresultat. Og det opplevde økonomiske handlingsrommet var dei første åra nok stort.

Stad kommune sin historikk speglar trenden nasjonalt. I åra 2015 – 2022 var kommuneøkonomien i Noreg jamt over god, noko som mellom anna hadde samanheng med ein betydeleg meirskattevekst som staten i det heile ikkje såg føre seg. I tillegg gjekk driftsnivået i fleire av kommunane ned som følge av ein krevjande og langvarig pandemi, som kommunane også vart økonomisk kompensert for å handtere. Driftsresultata låg over anbefalt TBU sitt anbefalte driftsnivå og bidrog til oppbygging av store disposisjonsfond. Deretter, i åra 2023 – 2024, vart kommuneøkonomien i Noreg generelt meir krevjande, med svakare driftsresultat. For 2025 vart kommuneøkonomien i Noreg langt betre enn frykta, mellom anna som følge av stor omstillingstakt og innsparingstiltak i kommunane. Tilsvarende trend har ein hatt i Stad kommune.

Berekningar i nasjonalbudsjettet for 2026 viser at statens sine inntekter, som del av BNP for fastlands-Noreg, om få år er venta å bli redusert. Samtidig ventar staten sine utgifter å auke i åra framover, særleg som følge av ei eldre befolkning. I løpet av neste stortingsperiode er veksten i offentlege utgifter venta å bli høgare enn inntektsveksten og det økonomiske handlingsrommet vil bli redusert. Dette vil påverke kommuneøkonomien direkte, også fordi kommunane må konkurrere med mellom anna forsvar og sjukehusa om knappe rammer, jf. NOU 2026:1 «En berekraftig kommunesektor».

Diagrammet nedanfor syner utvikling i netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt frå 2020 i Stad kommune, inkl. sist vedteken økonomiplan 2026-2029 for kommunen:



I 2025 vart driftsbudsjettet for Stad kommune vedteke med eit netto driftsresultat på minus 7,1 %. Budsjettet vart vedteke balansert i null med bruk av disposisjonsfond på kr 85,1 mill. Budsjettet vart justert gjennom året og rekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat på 16,1 mill. Hovudpostane som låg til grunn for det rekneskapsmessige resultatet finn ein under forbruk, inkludert løn, for alle kommunalområda.

I 2024 var tal årsverk i Stad kommune stigande utover i året, noko som også fortsette dei fyrste månadane i 2025. Våren/sommaren 2025 blei det innført tilnærma tilsetjingsstopp. Dette førte til at tal årsverk fekk ein nedgang gjennom siste halvår 2025. Gjennomsnitt årsverk i 2024 var 806,8. For 2025 blei gjennomsnittet 814,2. Ved årsslutt (31. desember 2025) hadde kommunen 804,0 årsverk. I opphavleg vedteke budsjett for 2025 låg det inne 868,5 årsverk. På grunn av tilsetjingsstopp og problem med å få tak i kvalifisert arbeidskraft innafor enkelt fagområde, blei verkeleg tal årsverk 54,3 lågare enn opphavleg budsjett for 2025.

I desember 2025 vedtok kommunestyret ein reduksjon i kommunalområda sine lønsbudsjett på kr 44,0 mill. Ved årsslutt har kommunen i tillegg eit mindreforbruk på løn på kr 5,7 mill. i høve revidert budsjett. Den samla innsparinga på kr 49,7 mill. Løn i høve opphavleg budsjett kom hovudsakleg på grunn av lågare tal faktiske årsverk. I tillegg er det i ein del stillingar tilsett personell med lågare utdanning enn budsjettert kvalifikasjon. Også dette bidrog til mindreforbruket.

Trass store reduksjonar i bemanning og generelt stram drift i 2025, skal reduksjon i driftsnivået halde fram i 2026. Korleis innsparingskravet er tenkt løyst innanfor kvart kommunalområde er beskrive og vedteke i budsjettet for 2026.

Driftsbudsjettet for 2026 er vedteke med eit netto driftsresultat på minus 3,1 %. Dette er vedteke balansert i null med bruk av disposisjonsfond på kr 39,0 mill. Bruken av fond vart justert ned gjennom budsjetteringssak KS 26/067, og budsjettet er no balansert i null med bruk av disposisjonsfond på kr 30,2 mill.

For *sentraladministrasjonen* er innsparingskravet i 2026 på kr. 4 mill. I økonomiplanperioden er samla innsparingskrav kr. 8 mill. Innsparingane for 2026 er tenkt løyst slik:

- Ikkje utgifter til val 2026
- Redusert med ei politisk møterunde for alle utval
- Reduksjon i lønnsbudsjett, reduksjon i stillingar

- Kutt i diversepostar
- Reduksjon og kutt i tilskotspostar

For *oppvekst og opplæring* er innsparingskravet i 2026 på kr 12 mill. I økonomiplanperioden er innsparingskravet 32 mill. Innsparingane for 2026 er tenkt løyst slik:

- Reduksjon tal stillingar
- Redusert bruk av vikarar og overtid
- Aktiv vurdering før ein eventuelt tilset i vakante stillingar
- Reduksjon av lisensar, læremiddel og utstyr
- Reduksjon i kurs og tenestereiser
- Framlegg om endring i opningstid barnehage og SFO
- Framlegg om sommarstenging 3 veker i juli i barnehagane
- Ikkje opptak av nye barn etter hovudopptaket viss det løyser ut tilsetjing i stillingar som ikkje er budsjettert

For *kultur og samfunn* er innsparingskravet i 2026 på kr. 5 mill. I økonomiplanperioden er samla innsparingskrav kr 12 mill. Innsparingane for 2026 er tenkt løyst slik:

- Redusert bemanning 3,5 stilling
- Redusert vedlikehald bygg, veg, teknisk utstyr
- Oppseiing av leigeavtaler
- Reduksjon i kjøp av varer/materiell og tenester
- Redusert beredskap veg
- Redusert vedlikehald grøntområde
- Redusert gjennomføringskapasitet investeringsprosjekt

For *helse og omsorg* er innsparingskravet for 2026 på kr 12,5 mill. I økonomiplanperioden er samla innsparingskrav kr 27 mill. Innsparingane for 2026 er tenkt løyst slik:

- Avslutta bruk av vikarbyrå
- Felles bruk av sjukepleiarkompetanse i Selje/Stadlandet
- Ikkje vikar i enkelte stillingar ved permisjon/reduisert stilling (ergoterapeut, helsesjukepleiar, Primærhelseteam, turnusfysioterapeut)
- Reduksjon i utgifter til sosialhjelp
- Større omstillingsprosess i heile Bu og miljøtenesta med reduksjon i tenester og endra bemanningsplanar
- Generelt reduksjon i utgiftspostar
- Noko inntektsauke
- Reduksjon knytt til innleige ved ferie og fråvær når dette er mogleg
- Fastlønna lege har gått over til avtale om næringsdrift

Vidare omstilling og innsparing i Stad – Handlingsprogram 2027 – 2030

Som nemnt ovanfor så dannar vedteken tiltaksplan rammene for Stad kommunestyre sitt vidare arbeid med omstilling og innsparing i Stad. Der er lagt tydelege og vedtekne føringar for kommunen sitt vidare arbeid, men mynda til å endeleg vedta tiltaka ligg til kommunestyret gjennom vedtak av årsbudsjett og handlingsprogram, og gjennom dei sakene som kommunestyret tek til handsaming.

Under her blir det føringane for kommunalområda sitt framtidig omstillingsarbeid og

innsparingstiltak attgjeve slik dei går fram av vedteken tiltaksplan.

Føringar frå tiltaksplanen for sentraladminstrasjonen

I Tiltaksplan 2026 – 2029 har kommunestyret gjeve følgjande føringar for vidare omstillings- og innsparingsarbeid i *sentraladminstrasjonen*:

Innsparingskravet for sentraladministrasjonen må i økonomiplanperioden i det vesentlege løysast gjennom ytterlegare reduksjon av stillingar, og ein må begynne på bemanningsplanarbeidet for 2027 snarast råd. Stad kommunestyre har sett i verk prosjektet «Organisering og dimensjonering av sentraladministrasjonen», som skal bidra til prioritering i høve oppgåveløysing og avbøte dei store ulempene ved stillingsreduksjon. Sistnemnde blir belyst i eige prosjekt. I samband med konstituering av nytt kommunestyre i 2027 bør det leggjast opp til ein reduksjon av tal medlemmar i kommunestyret og ein reduksjon i talet på politiske utval. Varaordførarstillinga bør også vurderast.

Føringar frå tiltaksplanen for oppvekst og opplæring

I Tiltaksplan 2026 – 2029 har kommunestyret gjeve følgjande føringar for vidare omstillings- og innsparingsarbeid for oppvekst og opplæring:

Det samla innsparingskravet for oppvekst og opplæring er i økonomiplanperioden kr 32 mill. Innsparingskravet for oppvekst og opplæring må i åra etter 2026 handterast gjennom strukturelle endringar og gjennom ytterlegare reduksjon i stillingar.

Føringar frå tiltaksplanen for helse og omsorg

Det samla innsparingskravet for helse og omsorg er i økonomiplanperioden kr 27 mill. Innsparingskravet for helse og omsorg må i åra etter 2026 handterast gjennom m.a. endring av tenestestandard, strukturendringar, offentleg-privat samarbeid med mål om effektive og samordna butilbod, auka bruk av velferdsteknologi, og eit strukturert og føreseieleg samarbeid med frivillige.

Føringar frå tiltaksplanen for kultur og samfunn

Det samla innsparingskravet for helse og omsorg er i økonomiplanperioden kr 12 mill. Innsparingskravet må løysast gjennom ytterlegare reduksjon i bemanning, endra tenesteyting og reduksjon i løyvingar til vedlikehald av veg og bygg. Strukturelle endringar knytt til reduksjon i tal offentlege bygg og eventuell privatisering av offentlege vegar vil også bidra til ei meir effektiv drift og reduksjon av kostnader.

Oppsummering

Det samla utfordringsbiletet for Stad kommune sin økonomi er godt kjent for kommunestyret. Den viktigaste driftsressurssen og tenesteproduzenten for ein kommune er dei tilsette, og det betyr også

at om lag ¾ av driftsbudsjettet er knytt opp til løn og andre utgifter knytt til det å ha folk i arbeid. Det betyr at det i det vesentlege er tal tilsette kommunen må redusere når dei store innsparingane skal gjerast kvart år. Dette er ei stor utfordring når strukturane for tenesteytinga i det vesentlege skal halde seg konstant, når dei demografiske endringane tilseier auka tenestebehov i helse og omsorg og når behovet for ressurskrevjande tenester hjå born og unge også aukar. I tillegg aukar etterslepet på byggvedlikehald og anna infrastruktur, og behovet for nybygg også er til stades.

Status knytt til budsjett 2026 frå kommunedirektøren til kommunestyret vert gitt gjennom økonomi- og tenesterapportane gjennom året og gjennom budsjettendringssakene. Neste økonomi- og tenesterapport vil gi eit bilete av den økonomiske situasjonen per 31. august 2026. Sjølv om det då er for tidleg å seie noko om det endelege resultatet for året, ser ein likevel no at den kommunale drifta ligg på eit prosentvis høgare nivå i høve vedteke budsjett enn på same tid i fjor. Vi er likevel innafor vedteke budsjett hittil i år, men det blir vanskelegare å hente ytterlegare innsparingar når budsjettet vert stramma inn for kvart år utan at ein får gjort strukturelle endringar i organisasjonen. Fleire einingar har no blitt nøydde til å tilsetje i ledige stillingar for å sikre forsvarleg drift overfor tenestemottakarane. I tillegg er det stigande rente, som no ligg 0,5 % over vedteke budsjett for 2026.

I sak KS 26/044 frå kommunestyremøte 7. mai 2026 gjorde kommunestyret følgjande vedtak knytt til dette temaet:

Stad kommunestyre gjer følgjande vedtak knytt til finansielle måltal og handlingsreglar for ny økonomiplanperiode:

a. Stad kommunestyre vil arbeide kontinuerleg for eit snarleg betring av forventa netto driftsresultat og fastheld handlingsregelen om at korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028.

b. Stad kommunestyre har som mål om å etablere ein handlingsregel for bruk av fond til viktige drifts- og investeringsføremål og til samskapingsprosjekt. Stad kommunestyre ber kommunedirektøren kome tilbake med ei sak som viser korleis ein slik handlingsregel kan innrettast.

I saksutgreiinga står det mellom anna skrive følgjande om korleis ein kan då denne målsettinga:

Kommunestyret sin Tiltaksplan 2026 – 2029 angjev viktige endringstiltak som må gjennomførast innan kvart kommunalområde. Skal Stad kommune kunne ha ei berekraftig tenesteyting må kommunen flytte fokuset endå raskare enn i dag vekk frå stadiet for akutt budsjett-tilpassing gjennom osthøvelkutt og mot ei økonomisk berekraftig tenesteutvikling. Kommunen må ikkje berre styre mot balanse, men må ha som utgangspunkt at drifta skal gå med overskot.

Då vil kommuneøkomien igjen tole større investeringar innan helse og oppvekst. Og kommune vil samtidig kunne byggje opp eit fond som ikkje lenger er balansert til bruk i rein drift, men som kan nyttast til samfunns- og investeringsprosjekt som kommunestyret finn føremålstenleg. På den måten vil det lokalpolitiske handlingsrommet auke og ein vil kunne ta ei sterkare samfunnsutviklingsrolle saman med lag og organisasjonar og næringsliv.

Skal ein få til ovannemnde, vil det krevje harde lokalpolitiske prioriteringar. Og den retninga ein vel for tenesteytinga må harmonere med den demografiske utviklinga, knappheita på arbeidskraft og behovet for å styrke dei ressurskrevjande tenestene for born og unge. Dette vil krevje ei størst mogleg samling av tenesteytinga og færre einingar, ei styrka heimetenesta og ei utvikling av lokalsamfunna som legg til rette ei aldersvennleg samfunnsutvikling.

Stad kommune har som målsetting å vere ein aktiv pådrivar for samfunnsutvikling, og er delaktig i store viktige prosjekt i kommunen. Av saker som kan nemnast er arbeidet med å utvikle den nye

skipsleia og infrastruktur rundt skipstunnelen, arbeid opp mot reiseliv og cruise, sentrumsutviklingssamarbeid med Bane nor, kommuneplanen sin arealdel, utvikling av nye bustadfelt. For å nemne noko. Alle desse prosjekta vert handtert innanfor kommunen sine noverande driftsressursar, etter nedbemanning og innsparing. Ei gjennomføring av tiltaka vil krevje kjøp av både kompetanse og ressursar, og kommunestyret må då løyve fondsmidlar til slikt arbeid.